



Arkivnr: 2019/167-8
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		11.09.2019

Tilskot til elitekorps. Fordeling 2019

Samandrag

Føremålet med ordninga:

Denne tilskotsordninga skal stimulere til å vidareutvikle det kunstnarlege og musikalske nivået i elitekorpsa og støtte formidling av dette

Generelt:	
Budsjett 2019:	300 000 kroner
Søknadsfrist 2019:	3.juni
Vedtak kriteria:	KIRU 20.03.2018: PS 54/2017
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

Fordeling 2019	
Tal på søknadar:	7
Tal på godkjente søknadar:	7
Fordeling 2019	300 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i Regional kulturplan er det sett opp følgjande kriteria som prosjektsøknadane har vore vurdert opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle kriteria, men dess sterkare ein oppfylder kriteria og jo fleire ein oppfylder, desto meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Vurderingskriteria for prosjekt:

1. I kva grad tiltaket oppfyller føremålet i søknadsordninga
2. I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
3. I kva grad tiltaket har verdi for større delar av fylket
4. I kva grad tiltaket er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
5. I kva grad tiltaket er utadretta og ope
6. Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers
7. Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad

Alle søkjarane har søkt om reisestøtte ved deltaking i meisterskap utanfor Hordaland. Tildeling av reisestøtte vert gjort ut frå ei kvantitativ fordeling med lik sum per aktive medlem som er oppgjeve i søknaden.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:](#) Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 [PREMISS: KULTUR](#)

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 300 000 kroner over budsjettpost 400.735.00, slik:

	Søkjjar	Tilråding
1	DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN	48 684
2	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	56 842
3	KLEPPE MUSIKKLAG	32 842
4	KROHNENGEN BRASS BAND	44 369
5	MANGER MUSIKKLAG	46 842
6	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	40 000
7	TERTNES BRASS	30 421
	SUM	300 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.08.2019

Dei som kan søke denne ordninga er amatørkorps (brass og janitsjar) for vaksne, som har kvalifisert seg til vidare deltaking i elitedivisjon i inneverande søkjeår eller har rykka opp frå 1. divisjon og deltek i elitedivisjonen året etter / påfølgande år. Det er difor ei klart definert gruppe som kan søkje på denne ordninga. Det er per no 6 brassband og 2 janitsjarkorps i Hordaland som kvalifiserer for denne søknadsordninga. Av desse er det 5 brassband og 2 janitsjarkorps som har sendt inn søknad til denne ordninga.

Ut i frå føremålet og fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle ser fylkesrådmannen det som rett at ein legg vekt på utviklings- og formidlingstiltak i denne ordninga, i tillegg til at det kan løyvast midlar til reisestøtte til meisterskap utanfor Hordaland.

Det skal ikkje kunne søkjast om midlar til ordinær drift av korpset, slik som løn av fast dirigent, leige av øvingslokale el.. Midlane i denne ordninga skal heller ikkje løyvast til investeringar slik som t.d. innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.

Fylkesrådmannen tilrår at det skal leggjast vekt på tiltak som medverkar til kulturell utvikling og meirverdi når det søkjast om prosjekt- / tiltaksstøtte, som t.d.:

- Større konsertproduksjonar som har verdi for eit lokalt / regionalt publikum
- Bestillingsverk / arrangøroppdrag – bruk av lokale / regionale komponistar / arrangørar vert prioritert
- Fagleg utvikling, utover dagleg drift, for korpset sine medlemmer som hever korpset sitt nivå
- Lydfesting / publisering av musikk

Om søknadane

I søknadsskjemaet var det lagt til rette for at kvar søkjar kunne skrive inn fleire prosjekt dersom ein hadde fleire prosjekt ein ville søkje tilskot til. Vidare vart ein vist til å skrive inn samla søknadssum til prosjekta og ikkje ein søknadssum til kvart prosjekt.

Når det gjeld søknad om reisestøtte er det ein søkjar som har skrive i skjema at dei har meir enn éit meisterskap dei skal delta i utanfor Hordaland. Frå retningslinene til ordninga står det m.a.: «Dei elitekorpsa som søkjer reisestøtte vil verte tildelt denne sum per einskilde medlem frå utrekninga. Storleiken på reisestøtte til elitekorpset vil såleis vere avhengig av kor mange aktive medlemmer elitekorpset viser til i søknaden». Sjølv om det er ein søkjar som har meir enn ein planlagd reise for å delta i meisterskap, så vert fordelinga av reisestøtte den same per aktive medlem i alle korpsa som har søkt reisestøtte.

Reisestøtte

Alle søkjarane har søkt om reisestøtte ved deltaking i meisterskap utanfor Hordaland. Tildeling av reisestøtte vert gjort ut frå ei kvantitativ fordeling med lik sum per aktive medlem. Storleiken på reisestøtte til elitekorpset er avhengig av kor mange aktive medlemmer elitekorpset viser til i søknaden.

Oversikt over tal på aktive medlemmer i kvart korps:

	Søkjar	Medlemstal
1	DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN	45
2	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	32
3	KLEPPE MUSIKKLAG	32
4	KROHNENGEN BRASS BAND	33
5	MANGER MUSIKKLAG	32
6	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	76
7	TERTNES BRASS	35
	SUM	285

Med 150 000 kroner til fordeling til reisestøtte og 285 aktive medlemmer totalt, vert beløpet for kvart einskilde korpsmedlem 526 kroner i reisestøtte til kvar søkjar.

Fordeling reisestøtte:

	Søkjær	Medlemstal	Tilråding reisestøtte
1	DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN	45	23 684
2	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	32	16 842
3	KLEPPE MUSIKKLAG	32	16 842
4	KROHNENGEN BRASS BAND	33	17 369
5	MANGER MUSIKKLAG	32	16 842
6	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	76	40 000
7	TERTNES BRASS	35	18 421
	SUM	285	150 000

Presentasjon av søkjarane:**1. DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN****Prosjekt: Star Wars konsert**

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Vi har i flere år holdt en temakonsert i desember måned. Denne har vi fått veldig gode tilbakemeldinger på. Vi vil følge dette opp også i år, med konsert i Bergen sentrum Lørdag 7. desember. Tema for årets konsert vil være «Star Wars». Vi vil ta publikum med på en reise til en galakse langt, langt unna og presentere musikk fra Star Wars filmene opp igjennom tidene. Vi vil krydre konserten med stemningssskapende lyssetting, kostymer og la publikum møte Luke Skywalker, Prinsesse Leia, Darth Vader og resten av karakterene som George Lucas skapte med filmserien 'Star Wars'. Musikken av John Williams (f.1932) er storslagen, stemningssskapende og umiddelbar, og fanger alle generasjoner – og vi håper med dette å skape en fin konsertopplevelse for publikum i alle aldre.».

Deltaking i meisterskap (reise)

NM Janitsjar 2020.

Tid og stad: 27.-28.03.2020 i Trondheim

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 130 000 kroner

Samla søknadssum (prosjekt): 30 000 kroner

Tilråding prosjektstøtte: 25 000 kroner

Tilråding reisestøtte: 23 684 kroner

Samla tilråding: 48 684 kroner

Dragefjellets musikkorps Bergen vart etablert i 1914 og består i dag av 45 aktive medlemmer. Denne konserten er ein større konsertproduksjon som har verdi for eit lokalt / regionalt publikum. Prosjektet i søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 5 og 6.

2. EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG**Prosjekt 1: Konsertserie sesongen 2019-2020**

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Eikanger-Bjørsvik har i en årrekke formidlet musikkopplevelser gjennom sin egen konsertserie med fire til fem større konsertser med profesjonelle gjestedirigenter i Bergen hvert år. For Eikanger-Bjørsvik er konsertser av denne typen svært viktig for ensemblets utvikling, og er med på å heve kompetansen og forståelsen av musikk hos medlemmene i amatørenssemblet. Slik egenutvikling er viktig for at musikantene kan fortsette arbeidet med å gi inspirasjon tilbake til lokalmiljøet og de fremtidige stjerner. Årets konsertserie består av 4 konsertser: 1: Høstkonsert i Knarvik kyrkje, søndag 1. september kl.19:00, 2: Mestermøte i Håkonshallen, søndag 1. desember, 3: Før EM-konsert i Grieghallen, 27.april, 4: Sommerkonsert i Peer Gyntsalen lørdag 13.juni kl.16:00.».

Prosjekt 2: Kompetanseheving, enkelmusikantar og instrumentgrupper

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Eikanger-Bjørsvik regnes som et av verdens ledende brassband. Veien dit har vært både gøy og utfordrende, og uten inspirasjon og etterutdanning hadde ikke Eikanger-Bjørsvik sine musikanter vært der de er i dag.

For å stadig utvikle enkeltpersonene og ensemblet Eikanger-Bjørsvik er vi anhengige av profesjonell hjelp i form av dyktige instrumetalister og pedagoger.

Vi ønsker å utvikle hver av de 7 seksjonene i korpset – og vil prøve å finansiere opp muligheten for at hver seksjon får 2 seksjonsprøver – a 2 timer i løpet av våren. Instruktørene vil vi hente fra Bergen Filharmoniske Orkester og Sjøforsvarets Musikkorps.».

Deltaking i meisterskap (reise)

1: Siddis Brass. Tid og stad: 01.-03.11 i Stavanger

2: EM for Brassband. Tid og stad: 29.04-03.05 i Palanga, Litauen

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 578 500 kroner

Samla søknadssum (prosjekt): 100 000 kroner

Tilråding prosjektstøtte: 40 000 kroner

Tilråding reisestøtte: 16 842 kroner

Samla tilråding: 56 842

Eikanger-Bjørsvik musikklag vart etablert i 1949 og består i dag av 32 aktive medlemmer. Eikanger-Bjørsvik har fått støtte til sine konsertseriar fleire gongar tidlegare frå andre tilskotsordningar i Hordaland fylkeskommune med grunngjeving i at det har verdi for kulturlivet i større delar av fylket og vidare at det er gjennomføringsevne og realisme i prosjektet. Prosjekta i søknaden støtter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 2 og 3.

3. KLEPPE MUSIKKLAG**Prosjekt 1: Kleppe har bursdag****Prosjekt 2: Julestemning med Kleppe musikklag****Prosjekt 3: Skulekorpsseminar 2020**

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Kleppe Musikklag ynskjer å samle alle hovudkorpssmusikantar (12-19 år) på Askøy til eit felles samspelseminar med påfølgjande hentekonsert. Fokus vil vere samhald, speleglede og meistring.

Målet er å samle opp mot 100 musikantar (over 100 deltakande i 2018) frå dei ulike korpsa til speling, overnatting, sosial samling og konsert.

Musikantane vil bli delt inn i 2-3 korps basert på alder /ferdigheiter. Målet er avslutningskonsert.

Kleppe Musikklag vil vere teknisk arrangør for seminaret. Seminaret vil bli gjennomført på Kleppestø ungdomsskole og Askøy Vidaregåande skule.

Til prosjektet treng vi å dekke utgifter til 3 dirigentar, 5 instruktørar, nattevakter og aktivitetsleiarar. Vi ynskjer å prioritere dyktige og erfarne instruktørar som vil gi musikantane best mogleg utbytte av helga. Eit høgt tal instruktørar vil gjere at alle musikantane får kjensla av å bli sett og høyrd under prosjektet. I tillegg trengs det midlar til mat, samt kjøp og kopiering av notemateriell.

Overordna mål for oss er å gjenta suksessen frå 2018 og 2019, der unge musikantar fekk eit sosialt og musikalsk nettverk. Vi håpar også dette vil bli etabler som ei viktig helg for korpsmusikantane på Askøy, som gjer at dette vil bli ein årleg tradisjon.

Prosjektet vil bli synleggjort lokalt gjennom dekning i lokalpressa, konsert, samt ved annonsering og rapportar undervegs på Kleppe Musikklag sine sosiale medier».

Deltaking i meisterskap (reise)

1: French Open. Tid og stad: 28.-31.05.20 i Amboise, Frankrike

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 316 000 kroner

Samla søknadssum (prosjekt): 100 000 kroner

Tilråding prosjektstøtte: 16 000 kroner

Tilråding reisestøtte: 16 842 kroner
Samla tilråding: 32 842

Kleppe Musikklag vart etablert i 1965 og består i dag av 32 aktive medlemmer. Prosjekt 3 er einaste prosjekt som er skildra med tekst i søknad. Dette prosjektet, eit skulekorpssseminar med avsluttande konsert, kan ha verdi for større deler av fylket i form av overføringsverdi. Prosjektet i søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1 og 3.

4. KROHNENGEN BRASS BAND

Prosjekt 1: Jubileumskonsert – Krohnengen Brass Band 50 år

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Sted og tid: Per Gynt-salen i Grieghallen, 29.09.19. Krohnengen Brass Band ble stiftet 13. oktober 1969, og runder 50 år i 2019. Jubileet feires på mange måter, men hovedbegivenheten vil være jubileumstur til England i juni 2019 og jubileumskonserten søndag 29. september i Per Gynt-salen, der tidligere dirigenter og medlemmer vil bidra på forskjellig vis. Jubileumskonserten blir et stort høydepunkt denne sesongen.

Jubileumskonserten tar medlemmer og publikum med på en reise gjennom korpsets historie og musikalske utvikling.

For anledningen kommer professor Nicholas Childs til Norge for å dirigere korpset. Dette blir en storslagen konsert der korpsets 50 år markeres på en verdig måte gjennom et troverdig, integritetsfullt og helhetlig kunstnerisk uttrykk.».

Prosjekt 2: 3 x Krohnengen

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Sted og tid: Fana kulturhus, 30.10.19. Onsdag 30. oktober inviterer Krohnengen Brass Band til konsert med 3 generasjoner Krohnengenmusikantene i Fana kulturhus. Det blir variert musikk på et høyt nivå når Krohnengen Brass Band, Krohnengen Old Stars og Krohnengen Skoles Musikkorps fremfører hver sine underholdningsprogram. Vår tanke med konserten er at når ulike musikantene deltar i et fellesskap, der kunnskap og erfaring møter spilleglede og vitalitet, skapes gjensidig inspirasjon, motivasjon og utvikling. Konserten vil også være en stor opplevelse for publikum, som får oppleve spilleglede og musikk på høyt nivå.».

Prosjekt 3: Julenatt i Sandvikskirken

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Sted og tid: Sandvikskirken, 14.12.19. I den ellers så hektiske julestria ønsker Krohnengen Brass Band å skape et pusterom med sin tradisjonelle konsertproduksjon «Julenatt i Sandvikskirken». Vårt ønske med konserten er at musikken og atmosfæren skal skape rom for avslapning og ettertanke. Med oss på konserten ønsker vi å ha med oss enn eller flere anerkjente solister.».

Deltaking i meisterskap (reise)

1: Siddis Brass 2019. Tid og stad: 01.-03.11.19 i Stavanger

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 228 000 kroner
Samla søknadssum (prosjekt): 60 000 kroner
Tilråding prosjektstøtte: 27 000 kroner
Tilråding reisestøtte: 17 369 kroner
Samla tilråding: 44 369

Krohnengen Brass Band vart etablert i 1969 og består i dag av 33 aktive medlemmer. Både jubileumskonserten og konserten med dei tre generasjonane Krohnengenmusikantar er større konsertproduksjonar som har verdi for eit lokalt / regionalt publikum. Prosjekta i søknaden stetter spesielt vurderingskriteria 1, 5 og 6.

5. MANGER MUSIKKLAG

Prosjekt 1: Siddis Brass 2019

Om prosjektet (ifølge søkjar): «2. november 2019, Stavanger Konserthus. MML reiser til Stavanger og Siddis Brass som tittelforsvarar. I år som i fjor skal MML spele eit nyskreve program av dirigent Martin Winter. Tema for årets program 50 års jubileet for månelandinga.».

Prosjekt 2: Konsert med Philip Harper

Om prosjektet (ifølge søkjar): «24. november i Grand Selskapslokaler, Bergen. Manger Musikklag inviterer til konsert med dirigent Philip Harper. Philip er til dagleg sjefsdirigert i det høgast ranka brassbandet i verda, "Cory Band" frå Wales. Dette vert eit gjensyn me gler oss svært mykje til. Sist gong Philip dirigerte MML var til NM i 2016.».

Prosjekt 3: Julekonsert i Manger Kyrkje

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Fjerde sundag i advent, 22. desember, inviterer Manger Musikklag til den tradisjonsrike julekonserten heime i Manger Kyrkje. Med oss har me dirigert Trond Husebø og songsolist Lydia Hoen Tjore.».

Deltaking i meisterskap (reise)

1: Siddis Brass 2019. Tid og stad: 01.-03.11.19 i Stavanger

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 263 500 kroner
Samla søknadssum (prosjekt): 60 000 kroner
Tilråding prosjektstøtte: 30 000 kroner
Tilråding reisestøtte: 16 842 kroner
Samla tilråding: 46 842

Manger musikklag vart etablert i 1922 og består i dag av 32 aktive medlemmer. Julekonserten er ein større konsertproduksjon som har verdi for eit lokalt / regionalt publikum. Prosjekta 2 og 3 i søknaden stetter spesielt vurderingskriteria nr. 1, 3 og 6. Prosjekt 1 handlar om deltaking i meisterskapet Siddis Brass og vert difor ikkje vurdert i tilrådinga om prosjektstøtte.

6. STRUSSHAMN MUSIKKFORENING**Prosjekt 1: NM Janitsjar Olavssalen Elitefinale 2020****Deltaking i meisterskap (reise)**

1: NM Janitsjar Elitedivisjon 2020. Tid og stad: 26 - 29.03.20 i Trondheim

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 155 000 kroner
Samla søknadssum: 155 000 kroner
Tilråding prosjektstøtte: Avslag
Tilråding reisestøtte: 40 000 kroner
Samla tilråding: 40 000 kroner

Strusshamn musikkforening vart etablert i 1912 og består i dag av 76 medlemmer. Fylkesrådmannen tilrår avslag i prosjektstøtte då tittel på prosjektet viser til at det er deltaking i meisterskap som gjeld. Det ligg ikkje føre noko skildring av prosjektet og fylkesrådmannen kan difor ikkje sjå at prosjektet handlar om noko meir enn deltaking i meisterskapet. Slik det er informert på nettsida, så vert reisestøtte gjort ut frå ei kvantitativ fordeling og kvart elitekorps som har søkt i denne omgang, inkludert Strusshamn musikkforening, har fått innvilga reisestøtte.

7. TERTNES BRASS**Prosjekt 1: Klassisk brass på turne**

Om prosjektet (ifølge søkjar): «Turné til Norhordland og Høyanger kommune i det nye Vestland. 5.-7. juni 2020».

Deltaking i meisterskap (reise)

1: Siddis Brass 2019. Tid og stad: 01.-03.11.19 i Stavanger

Fylkesrådmannen sin vurdering:

Totalbudsjett for søknaden: 155 000 kroner

Samla søknadssum (prosjekt): 12 500 kroner

Tilråding prosjektstøtte: 12 000 kroner

Tilråding reisestøtte: 18 421 kroner

Samla tilråding: 30 421

Tertnes brass vart etablert i 1964 og består i dag av 31 aktive medlemmer. Denne turnéen er ein større produksjon som har verdi for eit lokalt / regionalt publikum.

Oversikt over samla tilråding 2019:

	Søklar	Tal på medlemmer	Tilråding reisestøtte	Tilråding prosjektstøtte	Samla tilråding
1	DRAGEFJELLETS MUSIKKORPS BERGEN	45	23 684	25000	48 684
2	EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	32	16 842	40000	56 842
3	KLEPPE MUSIKKLAG	32	16 842	16000	32 842
4	KROHNENGEN BRASS BAND	33	17 369	27000	44 369
5	MANGER MUSIKKLAG	32	16 842	30000	46 842
6	STRUSSHAMN MUSIKKFORENING	76	40 000	Avslag	40 000
7	TERTNES BRASS	35	18 421	12000	30 421
	SUM	285	150 000	150000	300 000